



Svein Magne Vassdal  
Flordalen 45  
5725 VAKSDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1905 - 23/18967

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:  
25.08.2023

## Osterøy bestandsplanområde - Informasjon frå kommunen

Kommunen viser til vårt brev til bestandplanområdet datert 17. august 2023 og til telefonsamtaler med valdansvarlege i valda.

I eit forsøk på å klargjere situasjonen, vert status for valda kort oppsummert nedanfor.

### **Sørfjorden Hjortevald:**

Valdet er registrert utmeld frå bestandplanområdet og er gjennom eige vedtak gitt målretta tildeling.  
Valdet held seg til dette i årets jakt.

Eit av jaktfelta i valdet har høve til fri kalveskyting.

### **Rolland og Omland Hjortevald:**

Valdet er registrert utmeld frå bestandplanområdet. Ved ein feil vart valdet ved løyvetildelinga vurdert som vald i bestandplanområdet og ikkje gitt målretta tildeling (sjølv om valdet hadde søkt om dette). Etter samtale med valdansvarleg Tomas Rolland, er ein samde om at valdet held seg til bestandplanen og avskytingsplanen i den ved årets jakt. Det er uansett tale om 40 løyver. Opplysninga om målretta tildeling i dette valdet i vårt brev av 17. august 2023 var altså ikkje riktig.

Valdet har tilbod om fri kalveskyting.

### **Hausberg-Sundland, Mjeldalen, Lonevåg og Haugegren-Rongved Hjortevald:**

Som følgje av at kommunen ikkje har trekt tilbake godkjenninga av bestandplanen/bestandplanområdet, vert årets tildeling å vurdere som frie dyr. Valda held seg til bestandplanen og avskytingsplanen i den ved årets jakt. Opplysninga om målretta tildeling i desse valda i vårt brev av 17. august 2023 var altså ikkje riktig. Mons Kjetil Vevle er registrert som representant for dei attverande valda i bestandplanområdet.

Valda har tilbod om fri kalveskyting.

### **Om fri kalveskyting:**

Når det gjeld tolking av tilbodet om fri kalveskyting, gjer kommunen avslutningsvis merksam på at dette er ei ordning som gir høve til å skyte meir kalv enn det er gitt løyve til, men at løyve på kalvar ikkje kan vekslast inn i vaksne dyr. Dette gjeld òg i område med bestandplan. Dette er drøfta og avklart med seniorrådgjevar i Jomar Ragnhildstveit i Vestland Fylkeskommune. Etter kommunen sitt syn følgjer det og av ein naturleg forståing av ordninga og den informasjon som er tilgjengeleg på Miljødirektoratets og Hjorteviltportalen sine nettsider om dette.

Kommune ønskjer å vere tydeleg på dette punkt framfor jakta. Dette fordi kommunen kan ha ein plikt til å følgje opp etter viltlova dersom vi meiner det skjer ein jakt som ikkje er i samsvar med lova og dei løyver som er gitt.

### **[Kvotefri jakt på hjortekalv - Hjorteviltportalen](#)**

Med helsing

Arnstein Øvsthus  
kommunalsjef

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

### **Kopi til:**

Ivar Revheim  
Jan Kåre Rolland

Rødlandshaugen  
31

HAUS